



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

## Rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Sauda kommune 1. juni 2017

<b>Tidsrom for tilsynet:</b>	1. juni
<b>Kommunens adresse:</b>	Sauda kommune, Postboks 44, 4201 Sauda
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Beredskapskoordinator Jostein Overskeid
<b>Fylkesmannens tilsynslag:</b>	Revisjonsleder Reidar Johnsen og revisor Tage Eriksen
<b>Dato for rapport:</b>	19. oktober 2017

### Samandrag

Tilsynet er gjennomført med heimel i sivilbeskyttelseslova § 29 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 10.

Føremålet med tilsynet er å undersøke om Sauda kommune sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Fylkesmannen avdekka tre avvik i tilsynet med Sauda kommune:

#### Avvik 1

Sauda kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje alle krava etter sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

#### Avvik 2

Sauda kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje alle krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

#### Avvik 3

Sauda kommune kan ikkje dokumentere at de har eit system for opplæring, jf. krava om dette i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

## **Innhald**

Samandrag .....	1
1. Bakgrunn for tilsynet .....	3
2. Rammer for tilsynet .....	3
3. Hovudinstrykk .....	3
4. Resultat frå tilsynet .....	4
5. Grunnlagsdokument .....	5
6. Deltakarar ved tilsynet .....	6

## 1. Bakgrunn for tilsynet

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov av 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Formålet med tilsynet er å undersøke om Sauda kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen ville sjå om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift hadde:

- ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg system for kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- gjennomført øvingar
- eit system for opplæring av tilsette som har ei rolle i kommunen si krisehandtering
- evalueringar av hendingar og øvingar

## 2. Rammer for tilsynet

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsel blei sendt 18. januar 2017, og relevant dokumentasjon vart granska før tilsynet. Den 1. juni 2017 var det opningsmøte og intervju med relevante personar i kommunen. Sluttmøtet fant stad same dag.

Denne rapporten handlar om eventuelle avvik og merknader som er avdekka i revisjonen. Avvik er manglande etterleving av krav i sivilbeskyttelseslova og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Merknad er funn det er grunn til å påpeke for å sikre forbetring i oppfølginga av føresegnene i beredskapsplikten.

Vi gjer merksam på at Fylkesmannen berre undersøker om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i tråd med lov og forskrift. Tilsynet gir derfor ikkje ei fullstendig vurdering av kommunen sitt arbeid med dette.

## 3. Hovudinntrykk

Sauda kommune har gjennom fleire år jobba godt med samfunnstryggleik og beredskap. Arbeidet er forankra i leiinga og internt på tvers av fagavdelingane.

Ved varsle om ekstremt vêr eller når det har vore ekstraordinære hendingar har kommunen vore budd og handtert hendingane på ein proaktiv og effektiv måte. Kommunen har gode rutinar for mottak av varsel og rapportering. I den overordna beredskapsplanen finn Fylkesmannen spesielt å trekke fram det grundige arbeidet som er lagd ned i varslings- og evakueringsplanen. Kommunen er også blant dei fremste i å ta i bruk det elektroniske krisestøttesystemet CIM målt i talet brukarar og bruk av ulike modular.

Det står likevel framleis noko att før kommunen har alt på plass i samsvar krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Den viktigaste innvendinga er at den heilskaplege ROS-analysen er for gamal og treng ein oppdatering. Vi meiner og at nokre risikoområder/scenario i analysen blir for generelt omtala og at overordna analysen i større grad kan vise til relevante fag-analysar som inneheld fleire detaljar. På generelt grunnlag er analysen knapp på ein del

områder, og kunne med fordel hatt meir beskrivande tekst som gir eit betre inntrykk av kva hendingane går ut på. Fylkesmannen har registrert at analysen skal reviderast, jf. planstrategi for 2017-2020, og Fylkesmannen vil rå kommunen å legge Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sin rettleiar om heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse frå 2014 til grunn for oppdateringa.

Fylkesmannen vil òg anbefale at kommunen samkøyrer tiltakskorta i CIM og i beredskapsplanen, slik at dei er like.

Når det gjeld å legge til rette for eit heilskapleg og systematisk arbeid er det viktig å kunne dokumentere korleis resultata frå ROS-analysen blir følgd opp. Bortsett frå dei få tiltaka som er kommunestyrebehandla og tatt inn i beredskapsplanen, er det ikkje så lett å sjå kva som er status for mange av tiltaka som er foreslått. Ein måte å få til dette kan vere å bruke årsmeldinga til kommunen.

#### **4. Resultat frå tilsynet**

Følgjande tre avvik ble avdekkja under tilsynet med Sauda kommune:

##### **Avvik 1**

Sauda kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje alle krava etter sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 1, 2, 6 og 9.

*Utfyllande kommentar:*

- Den heilskaplege ROS-analysen har ikkje vært behandla i kommunestyret sidan 2010. Kravet i forskrifta er at den skal oppdaterast minst kvart fjerde år.
- Kommunen har ikkje vurdert alle relevante eksisterande risiko- og sårbarheitsfaktorar i kommunen. Fylkesmannen meiner at det på generelt grunnlag må vurderast kva det betyr at kommunen kan bli isolert om vinteren dersom vegen blir stengt og fjorden er frose.
- Nokre av hendingane i ROS-analysen er for lite detaljerte og konkrete. Til dømes gjeld dette brot i vegsamband på meir enn 24 timar, uhell under transport av farleg gods og havari med godsbåt.
- Det går ikkje fram av analysen om kommunen har vurdert systematisk kva hendingar som vil kunne føre til evakuering eller behov for å varsle innbyggjarane.

##### **Avvik 2**

Sauda kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje alle krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 1, 4 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

- Det går ikkje fram av beredskapsplanen kven som har ansvaret for leie det praktiske arbeidet med oppretting av senteret for evakuerte og pårørande, eller korleis kommunen planlegg med å fylle dei ulike funksjonane i senteret.
- Ressursoversikten i beredskapsplanen inneheld ikkje nokon oversikt over kommunens interne ressursar. Kva konkrete ressursar som Heimevernet, Sivilforsvaret og frivillige organisasjonar som til dømes Raude Krossen kan hjelpe kommunen med manglar òg i lista over dei eksterne ressursane.

### **Avvik 3**

Sauda kommune kan ikkje dokumentere at de har eit system for opplæring, jf. krava om dette i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 7 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

- Sjølv om det i intervjuet kom det fram at Sauda kommune har opplæringstiltak for nyttilsette og i bruk av CIM, er ikkje disse dokumentert skriftleg, eller satt i noko system.

## **5. Grunnlagsdokument**

Oversikt over dokumenter som Fylkesmannen har brukt som grunnlag for tilsynet:

- Tilgang til kommunens CIM.
- Overordna beredskapsplan for Sauda kommune, vedtatt 17.9.2011, ajourført 8.5.2017.
- Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, vedtatt 6.10.2010, samt underordna ROS-analyser på kommunens CIM.
- Planstrategi for Sauda kommune 2017-2020, vedtatt 20.4.2016.
- Beredskapsplan for vassforsyning, vedtatt 24.4.1997, revidert 31.8.2007.
- Varslings- og evakueringsplan, vedtatt 12.2.2014, ajourført 24.11.2016.
- Plan for helsemessig og sosial beredskap, vedtatt 19.11.2014, ajourført 8.5.2017.
- Smittevernplan for Sauda kommune, vedtatt 10.6.2009, ajourført 2.2.2015.
- Evalueringsrapport etter øving 22.10.2015.
- Evalueringsrapport etter øving 10.5.2017.

## **6. Deltakarar ved tilsynet**

I tabellen under er det en oversikt over deltakarane på opningsmøtet, intervju og sluttmøtet:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon /stilling</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Asle Rafdal	varaordførar	X	X	
Andreas Fløgstad	fungerande rådmann	X	X	X
Randi K. Habbestad	kommunalsjef teknisk	X	X	X

Jostein Overskeid	beredskapskoordinator	X	X	X
Ørjan Djuv	arealplanleggar	X	X	X

Frå Fylkesmannen i Rogaland deltok:

- Reidar Johnsen, revisjonsleder/fylkesberedskapssjef
- Tage A. T. Eriksen, revisor/juridisk rådgivar